



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Vår dato:
18.06.2021

Vår ref:
2021/5759

Dykkar dato:
11.06.2021

Dykkar ref:
20/4973

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Klage - Austrheim - 166/14 - Austre Sævrøyna - flytebrygge - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen mottatt 11.06.21. Saka gjeld vedtak om dispensasjon for utlegging av flytebrygge. Sjølve flytebryggja er 10 x2 meter, i tillegg kjem utliggere på 6 meter og landgang på 6 meter.



Området ligg som LNF-formål og bruk og vern av sjø i kommuneplanen for Austrheim. Området ligg også i strandsona. Tiltaket er i strid med formål på land og i sjø og frå plan- og bygningslova § 1-8.

Formannskapet gjorde følgjene vedtak i møtet 03.06.21:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til omsøkt flytebrygge:

1. Flytebryggja vert skilta som open for ålmenta.
2. Fortøyningsblåsene i område tilhørande sokjar må fjernast.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.



Statsforvaltaren i Vestland klagar med dette på formannskapet i Austrheim kommune sitt vedtak i møte 03.06.2021, saknr. 067/21.

Grunngjeving

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og regulariseringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Statsforvaltaren rådde i frå dispensasjon i brev av 30.03.2020. Det går fram av pbl. § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensere der statlege og regionale styresmakter har uttalt seg negativt til søknaden. Vi viser til uttale som grunnlag for klaga:

«Statsforvaltaren er samd med kommunen i at det er ein god arealstrategi å samla båtplassar for fritidsbåtar og på den måten redusere arealinngrepa, men dette skal i utgangspunktet gjerast i kommuneplanen. I dette området er det i kommuneplanen satt av eit slikt område berre 40-50 meter nord for omsøkt plassering. Vi har i denne saka ikkje mottatt dispensasjonssøknaden, og veit difor ikkje kva som er grunngjevinga av søknaden. Vi meiner det skal svært gode grunnar til for å gje dispensasjon for flytebrygger når det er sett av til småbåthamn i kommuneplanen like ved. Vi viser til plan og bygningslova § 11-6, som slår fast at kommuneplanen skal vere bindande for nye tiltak.»

Når det gjeld plasseringa av tiltaket, så ligg det i nærleiken av ein bustad og eit området sett til naust og småbåthamn som i dag er eit nedbygd kaianlegg. Bortsett frå dette er strandsona i stor grad urørt. Etter det vi kan sjå gjeld dette også området der ein søker å plassere flytebrygga, sjølv om det ligg ein bustad i nærleiken. Opplevinga av landskapet vil verte endra og privatiseringa av strandsona vil auke.»

Kommunen har vurdert at ein vil få ei betre arealløysing ved å erstatte fortøyingsblåser med omsøkt flytebrygge. Statsforvaltaren er ikkje samd i denne vurderinga. Ei større flytebrygge som den omsøkte vil ha ein mykje større innverknad på oppleving av strandsona som eit bygd område enn nokre fortøyingsblåser. Om ein lagar ein firkant rundt det omsøkte tiltaket vil det beslaglegge om lag 120 m² på overflaten. Ein fortøyingsblåse er ei av dei enklaste og minst inngripande formar for fortøyning av båt. Det ligg mange fortøyingsblåser rundt omkring og om alle desse skal verte erstatta av flytebrygger, kan det få store konsekvensar for bygging i strandsona i Austrheim kommune.

Sjølv om merking av flytebrygga som tilgjengeleg for ålmenta vil gjere at område i mindre grad vert privatisert enn utan merking, vil tiltaket likevel vere i strid med at, strandsona, LNF-formål og bruk og vern av sjø, i utgangspunktet skal vere ubygda. Vi er heller ikkje samd i at det vil auke tilgjengelegheta, sidan arealet er tilgjengeleg i dag. Om kommunen ønsker å legge til rette for ei flytebrygge tilgjengeleg for alle bør dette også gjerast i eit område som er avsett til formålet.

Vi vil presisere at sjølv om det ligg ein bustad i bakkant, så er det omsøkte området i hovudsak urørt strandsone, heilt utan naust eller flytebrygger. Ei flytebrygge her vil slik sett punktere strandsona. Verdiane i området harmoniserer også godt med kommuneplanen, der bustad har formål LNF-spreidd, med ordinert LNF-formål i forkant. Bygd areal nord for omsøkt tiltak har formål naust og



småbåthamn. Konsekvensutgreiinga for dette området har konkret tatt stilling til at området ikkje bør strekkast lengre mot sør.



Austrheim kommune ligg i sone 3 i statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, som nyleg vart revidert. I retningslinja står det mellom anna at: «Avklaring av arealbruk i strandsonen skal skje gjennom planlegging, og ikke gjennom enkeltvise dispensasjoner». Dette er eit viktig prinsipp for å få ein heilskapleg forvaltning av strandsona. Dette er eit prinsipp som gjeld uavhengig av soneinndeling.

Vi kan ikkje sjå at det ligg føre nokon særlege grunner som taler for å gje dispensasjon i saka, utover søkars personlege fordeler. Dei personlege fordelane vil gjere seg gjeldande i veldig mange saker og skal i liten grad vektleggast. Ein praksis der ein gjev dispensasjon på eit slikt grunnlag vil undergrave kommuneplanen som styresverktøy, og kan føre til ein bit for bit utbygging av strandsona, utan planstyring.

Statsforvaltaren si vurdering er at omsyna bak byggeforbodet i strandsona vert vesentleg tilsidesett ved ein dispensasjon i denne saka. Jf. elles pbl. § 19-2 andre ledd første setning.

I tillegg kan vi heller ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl. § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er ikkje oppfylte.
Statsforvaltaren klagar difor på Austrheim kommune sitt vedtak i møte 03.06.2021, saknr. 067/21.



Statsforvaltaren ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikke vert gitt dispensasjon, slik det er søkt om. Vi ber vidare om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Svein Kornerud
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN